

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.08.2017
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Statens eierberetning 2016**

ARKIVSAK: 2012/376
STYRESAK: **092/17**

STYREMØTE: **07.09. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Statens eierberetning 2016» til orientering.

Oppsummering

Nærings- og fiskeridepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2016". Dokumentet gir ein oversikt over staten sitt direkte eigarskap og omtalar mellom anna selskapa si utvikling og viktige hendingar siste kalenderår.

Fakta

I «Statens eierberetning 2016» gir Nærings- og fiskeridepartementet ein oversikt over og omtale av alle selskap med statleg eigardel, med vekt på utviklinga i selskapa i fjor. Staten har direkte eigarskap, forvalta gjennom departementa, i 74 selskap.

Staten sitt mål med eigarskapet er verdiskaping, i form av avkasting eller effektiv sektorpolitikk. I dokumentet blir det gitt eit innblikk i korleis staten som eigar følgjer opp selskapa, og det blir gitt ein samla oversikt over resultatane. Openheit kring den statlege eigarskapsutøvinga og om verksemda i selskapa er grunnpilarar i det statlege eigarskapet, og Statens eierberetning er eit bidrag til dette.

For å støtte opp under statens sine mål om verdiskaping, har staten som eigar eit sett med forventningar til styra og selskapa. Dess går fram av Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap (eigarskapsmeldinga). Ein kortversjon av forventningane og korleis staten følgjer opp politikken i eigarskapsmeldinga er gitt i kapitlet om eigarstyring, side 25 – 35.

Selskapa er delt inn i fire kategoriar ut frå staten sitt mål med eigarskapet:

1. Selskap med forretningsmessige mål
2. Selskap med forretningsmessige mål og nasjonal forankring av hovudkontorfunksjonar
3. Selskap med forretningsmessige mål og andre spesifikt definerte mål
4. Selskap med sektorpolitiske mål

Dei regionale helseføretaka er omtala på side 116 – 121.

Kommentarar

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på at Helse Vest i 2016 hadde gode resultat når det gjeld kvalitet og økonomi. Satsing på god dialog mellom pasient og sjukehus, betre organisering, pasienttryggleik og felles systembygging har prega året, og har vore viktige bidrag til å styrke pasienten sin helseteneste.

«Statens eierberetning for 2016» og tidlegare utgåver av dokumentet er tilgjengeleg på internett; www.eierberetningen.no.

Vedlegg:

1. Statens eigarberetning 2016